



Link Arkitektur AS
Andreas Neumann Meyer
Dreggsalmenningen 10/12
5003 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/2349 - 19/2842

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@meland.kommune.no

Dato:
11.02.2019

Godkjenning av endra leidningstrase i grunn - GBNR 22/174- Mjåtveit

Administrativt vedtak. Saknr: 28/2019

Tiltakshavar:

Ansvarleg søkjar:

Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

SAKSUTGREIING:

Tiltak:

Ansvarleg søkjar har på vegne av tiltakshavar, Mjåtveitflaten 55 AS, søkt om løyve i eitt trinn for oppføring av to tilbygg, samt underbygging av areal som i dag er overbygd med tak på industribygget på gbnr 22/174 på Mjåtveitflaten i Meland kommune. Løyve til tilbygg er gjeve i DS 301/2018 den 08.11.18.

Fordi det under grunnarbeidet vart avdekka at oppføring av tiltaka kjem i konflikt med eksisterande kommunale vass-, avlaups-, og overvassleidningar er det søkt om løyve til endra plassering av desse leidningane.

Det vert vist til søknad med vedlegg, journalført motteke 22.1.2019.

VURDERING:

Nabovarsling:

Tiltaket er ikkje nabovarsla, men administrasjonen finn det ikkje nødvendig å krevje nabovarsling i dette tilfellet, jf. pbl § 21- andre ledd.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Lov- og plangrunnlag:

Plassering av vass-, avlaups-, og overvassleidningar er søknadspliktige tiltak med krav om ansvarleg føretak, jf. pbl §§ 20-3, jf. 20-2, jf. 20-1 bokstav a).


Plassering:

Det følgjer av pbl § 29-4 første ledd at kommunen skal godkjenne omsøkt plassering. Føresegna gjeld så langt den passar for plassering av tiltak som omsøkt, jf. pbl § 30-4 første ledd.

Ansvarleg søkjar skriv følgjande:

Industribygg på eigedomen skal få to tilbygg; mot vest og mot nord. Tilbygg mot nord vil, etter avtale med nabo, bli bygd med yttervegg 3,5m frå eigedomsgrænse mot gnr/bnr. 22/184. Dette bygget vil kome i konflikt med eksisterande ø160mm PE100 vassleidning, ø160mm PVC spillvassleidning og DV315mm overvassleidning. Leidningane leggjast difor om i ein lengde på om lag 30m. Etter avtale mellom grunneigarar kan det framtidig bli bygd på bnr. 184 inntil 3,5m frå eigedomsgrænse. Klaring mellom bygg kan difor bli 7,0m.

Eksisterande ø1400mm vassverkskum (EKS V1) med ventil T-røyr vert flytta til ny plassering. Kum blir rotert slik at T-røyr peikar mot nord. Og ø1000mm betong stakekum på spillvass- og overvassleidning (EKS S1 og EKS O1) blir flytta. I utføringa må røyrleggjar vurderer om stakekum på spillvassleidning kan bli montert med 45° bend på inn- og utlaup i staden for å nytta 90° rennelaup i kumbotn. Røyr er lagt med lite fall (1%) og liten overdekking. Dette førarar til at nye leidningar får eit fall på mellom 8-9‰. Vassleidning må isolerast med XPS-plater som i dag. Nye stakekummar, som Brilljant ø1000mm betongkummar, monterast på spillvass- og overvassleidning (kum S1, S2, O1 og O2).



Meland kommune kan godkjenne omsøkt plassering.

Dispensasjon frå VA-norm:

Vidare har ansvarleg søkjar søkt om dispensasjon frå kommunen si VA-norm. I søknaden står det følgjande:

Vi søker om dispensasjon frå VA-norm for følgjande:

1. Legging av røyrleidningar inntil 2m fra nytt bygg. Røyrleidningane vil liggje i grunn grøft med djupne ca. 1,2m. Graveskråning ved framtidig frigraiving av leidningsanlegget vil ikkje komme i konflikt med fundamenter for bygget.
2. Horisontal 30° retningsforandring på spillvass- og overvassleidning 8m oppstraums kum EKS S1 og EKS O1 utførast med langbend. Dette for å unngå konflikt med støypt avlastningsplate over dagens røyrtrase på gnr/bnr. 22/184. Samstundes vil det ikkje vere mogleg å montere stakekummar på røyrleidningar i grøft utan større omlegging av trase med lite fall.

VA-avdeling i Meland kommune har godkjent dispensasjon i vedtak av 11.01.19 på følgjande vilkår:

- Viktig at tilgjengelig fall blir fordelt på hele strekket.
- Kommunen skal motta innmålingsdata etter utførelse. Sosi-filer siste versjon, som beskrevet i VA-norm
- Vannsperring og desinfisering i samarbeid med Drift v/ Egil Gripsgård

Vedtak

«Meland kommune godkjenner i medhald av plan- og bygningslova § 20-1 søknad om omlegging av kommunal vass-, avlaups- og overvassleidningstrase på gbnr 22/174 i samsvar med teikningar, VA-planar og situasjonskart datert 11.01.19, på følgjande vilkår:

- *Vilkår satt i godkjenning av dispensasjon frå VA-norm skal følgjast opp.*
- *Kommune skal motta SOSI-data før ferdigattest/mellombels bruksløyve skal gjevast.*

Dei opplysningar om byggetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden blir registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustader og adresse.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket blir innstilt i meir enn to år, jf pbl § 21-9. Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, med mindre noko anna går fram av vurderinga over eller gjennom tidlegare godkjenning.»

Saka er handsama og avgjort administrativt og i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det blir klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer.

Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga blir ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det blir kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevær

Larissa Dahl
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

VA-planer og godkjenning
Vedlegg G1 - G2
Vedlegg G3 - G6
Godkjent dispensasjon

Kopi til:

Mjåtveitflaten 55 AS Kanalveien 50 5068 BERGEN

Mottakarar:

Link Arkitektur AS Dreggsalmenningen 5003 BERGEN
10/12